

"Tre Generasjoner" til Nordhordland



I FINALEN: "Tre Generasjoner" er i finalen i Norske Talenter. I september kjem dei til Musikkens Venner sin Knarvikmil-konsert, i lag med Alexander Rybak og familien. (Foto: TV2/Paal Audestad)

KNARVIK: 2. september kjem "Tre Generasjoner" frå Norske Talenter og Alexander Rybak med familie til Musikkens Venner Nordhordland sin KnarvikMila-konsert i Knarren.

RANDI BJØRLO

Fredag kan du sjå "Tre Generasjoner" i aksjon i finalen i Norske Talenter på TV2 - mormor

Mathilde Marker (sopran), mor Turid Stanghelle (mezzosopran) og son Thomas Stanghelle (tenor).

- Vi er overlukkelege over at vi har kome så langt som til finalen, og vil at den skal bli ei god oppleving når vi saman opptre på direkten, seier Thomas Stanghelle til nh. Han trur at det som har begeistra sjåarane er at tre generasjonar saman presenterer ein eigenkomponert tekst som beskriv livshistorien til mormor på 92 år som mange kan kjenna seg att i. Og ikkje minst er det imponerande at ho

reiser seg frå rullestolen og syng som ein ungdom.

Det er lenge sidan Musikkens Venner Nordhordland gjorde avtale med den songglade familien om å delta på KnarvikMila-konserten 2. september.

- Vi gler oss veldig til å koma til Nordhordland, seier Thomas Stanghelle til nh. Han er barnsven med Alexander Rybak. Dei to har saman med sine familier hatt sommarkonsertar i 15 år. Dessse får vi altså høyra i lag i Knarren denne første fredagen i september.

"Gull i sundet"

ALVERSUND: Teikningar er tema når Galleri-Alversund opna ny utstilling førstkommande fredag. Blant utstillarane er Sunniva Møster (16) med 10 drageteikningar.

Årets utstilling i samband med Alversunddagane har undertittel "Gull i sundet" med spor tilbake til utstillinga hausten 2010 i høve 100-års jubileet for Aslaug Låstad Lygre.

Dei som stiller ut teikningar er Asbjørn Tuft-Olsen og Håvard Tuft-Olsen frå Hordvik, og Bjarte Leithaug og Sunniva Møster frå Meland.

Sunniva Møster, 16 år gamal frå Dalemarka, har alltid teikna. Drager har vore ein av favorittane hennar, og no stiller ho ut 10 fantastiske drageteikningar.

Opninga vert markert med ein halvtimes konsert fredag kveld. Hildegunn Sture Sylta spelar trombone og syng saman med pianisten Rune Alver som og har ei eiga avdeling.

Dersom veret er bra, blir det



DRAGER: Sunniva Møster stiller ut sine fargerike drageteikningar.

"terrassekonsert" utanfor galleriet, som og held ope denne og neste helg.

Eigedomshandel i Nordhordland

Ikenberget - Alversund, tomannsbustad m/kjempeutsikt

Adr: Ikenberget 34 A, 5911 Alversund
Bra./P-rom: 132/117 kvm
Prisantydning: 2.990.000,-

Privat visning:
Søndag 5. juni kl. 17.00-19.00
Måndag 6. juni kl. 17.00-19.00

Bud/kontraktssingning/oppgjør:
Adv. Mikkel Mundal.

Nærmere info: Se finn.no

Spørsmål til seljar: Mobil 90 77 40 39/56 35 25 03

Bustaden ligg fritt på kanten av ein liten høgde, som gjev svært god utsikt. Sol frå morgon til kveld, utan sjanse frå naboar. På eit plan med svært god standard. Kjøkken av høg kvalitet. Romsleg stove m/parkett, vedovn og himling. Tre soverom, eit med breibands-tilgang. To stilfulle skyvedørgarderobor. Bad, entre og vaskerom m/varmekablar. Utebod på 11 kvm med god hylleplass. Mulighet for garasje. Overbygd inngangsparti. Roleg bustadområde nokre kilometer frå Knarvik handelssentrum. Barnehage og skular i gangavstand. Kort veg til nærbutikk, andre butikkar, bensinstasjon, hotell og busstopp.

Uteliv

Vil du annonsere her?

Ta kontakt med:
Bente Hindenes Myklebust
bente@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 65

Quiz-kveld på Lindås Brygge

Fredag 27. mai
Kl. 20.00

(påmelding fra kl. 19.30)

Quizmaster: Endre Hopland

Ta med gode venner, kollegaer eller familie og meld på ditt eget Quiz-lag!

Kr. 30,- pr. pers, maks seks medlemmer pr. lag

PIZZA-BORD
KR. 99,-



5955 LINDÅS
TLF: 56 36 09 99
www.lindaasbrygge.no

KJELSTRAUMEN VERTSHUS

Kilstraumen 1, 5943 Austrheim
Tlf 56 16 89 40 / 93046429, post@kjelstraumen.com

27. mai: LIVE MUSIKK m/OUT OF SHAPE CC. kr. 150,-

28. mai: SHOW m/**BJØRN JENSEN** (Fra "Vinskvetten") Showstart kl. 20. + live musikk m/Out of Shape. Bill.kr 350,- inkl.Out of Shape

Åpningstider: Sønd.-Torsd. 07-23 • Fred.-Lørd. 07-01 (02.30)
Varm mat fra kl.15, søndag fra kl.13.

Velkommen til Westland Hotel

PANORAMA RESTAURANT

Nydelige retter fra vår A la carte meny serveres hver dag

Stort familiekoldtbord hver søndag fra kl. 13.00
Kino og fargelegging for barna

LUX BAR OG NATTKLUBB

Fredag: Lukket arrangement
Lørdag: Natteklubb 20 år

Bestilling på tlf: 56 34 21 00
eller: post@westlandhotel.no

Westland Hotel · 5955 Lindås · tlf.: 56 34 21 00 · westlandhotel.no

